



HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for Mars 2019.

Distrikt 2305
Klubbnr. RK
12713

Årgang
54



Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad: Klubbhuset til Hareid
IL, 6060 Hareid.
President: Vegard Gjerde
Visepres: Bjørn Teigene
Sekretær: Knut Strømsjordet
Kasserar: Hanne Rognan
Past pres: Sverre Jarl Ulstein
Styremedlem: Oskar Grimstad
Ansv.red.: Åge Nytun
Referent: Øystein Alme

Af Haab og Liv er alle knopper fulde

Af Haab og Liv er alle Knopper fulde, —
De tør ei briste, skjønt de gjerne vilde;
Thi Vaaren kæmper end med Vintrens Kulde.

De brudte Straaler over Marken spille,
Og Blomsten svulmer i sit snevre Kammer,
Og drikker Lyset længselfuld og stille.

Den aner Maiens underbare Flammer,
Naar alle mørke Vinterskyer vige,
Naar ingen Kulde Hjertebladet rammer.

April, min Ven, er Navnet paa din Pige:
Snart kolde Blik, snart hemmelige Pile;
Du ved ei endnu ret, hvad de vil sige.

Ak, hendes Hjerte har ei heller Hvile;
Af Frygt og Uro vixelvis det banker, —
Men Læben er dog villigst til at smile.

Snart Kysser Mai de længselfulde Ranker,
I Luften svæve Elskovsguder glade;
Da tør Du nævne dine skjulte Tanker, —

Da viser Blomsten sine Hjerteblade.

Arne Garborg

Referat frå Rotarymøte 4. mars 2019.

Føredrag ved Knut Slinning

(referent Hans Gisle Holstad)

President Vegard Gjerde ønske vel møtt til nytt møte. Sidan dette var første møtet i første vårmånaden mars og sola skein og varma ute, vart opningssongen «No livnar det i lundar». Etter at vi hadde klappa for Jan Håvard Nytnun, som hadde hatt åremål sist måned,- introduserte presidenten kveldens foredragshaldar Knut Slinning m.a. tilknytt Ålesund og Sunnmøre Turistforening.

Slinning har på relativ kort tid etablert Juvet Hotell og hytter ikkje så langt frå Gudbrandsjuvet i Valldal.

Det heile starta som ei tilfeldigheit nær ei impulshandling fortalde han.

Han har sjølv privat hytte i området, og fekk tilbod om å kjøpe heile den nedlagde garden som hytta står på, i utkanten av. Garden hadde løe og uthus med 200 mål dyrka og samla 2900 mål utmark.

Vegen forbi Gudbrandsjuvet er definert som nasjonal turistveg m.a. fordi Heilag-Olav ein gong har nytta denne vegen på veg til Trøndelag,-og hadde opphald her.

60 arkitektfirma var i utgangspunktet interesserte i utforminga , -som bestod i å renovere både løe og våningshuset, samt bygging av 14 originale små hytter(landskapsrom) og andre nødvendige små bygg plasserte utover i terrenget på garden med gangveg til Gudbrandsjuvet. Ein kunne då sjå alt dette i ein samanheng.

Prosjektet hadde ikkje vore realiserbart utan vesentleg støtte frå fylket,statsstøtte,vegvesen , kommune og inovasjon Norge.

Samla har prosjektet kosta pluss/minus 30 mill kroner

Og besøket er enormt. Dvs.fullt belegg frå 15.februar til desember. Mest av bedrifter,men også grupper av privatpersonar frå inn og utland.

Han har tilsett kokkar og anna personell som bur i området.

At verdspressa har skrive om det originale prosjektet, har betydd svært mykje. Og interessa er stor frå alle verdsdelar, spesielt arkitekturinteresserte.

Prosjektet tek mot maks 20 gjester pr gong. Og for det meste er det og fullteikna frå tidleg på året.

Tida gjekk fort og spesielt interessant var det at foredraget var krydra med fine illustrerande bilde frå området og av dei sær spesielle «landskapsroma».

Men han understreka til slutt at utan den nasjonale turistvegen og Gudbrandsjuvet som trekkplaster, hadde han ikkje kunne satse slik.

Og etterpå vart fleire spørsmål stilte og greitt svara på.

Referat frå Rotarymøte 11. mars 2019.

Føredrag ved Knut Åsebø

Vegard Gjerde ønske Knut Åsebø som var kveldens foredragsholdar og alle medlemmane vel møtt.

Val av song for kvelden vart Mellom bakkar og berg, første og siste verset av Ivar Aasen.

Vegard Gjerde kunne opplyse at det no var rigga opp med nye mikrofonar på klubbhuset. Hareid IL og Hareid Rotary deler på utgiftene.

Styret i Hareid Rotary samlast etter medlemsmøtet med, «Armenia» som tema.

Vegard Gjerde overlet så ordet til Knut Åsebø, som skulle halde føredrag om temaet «Digitalisering og Organisasjon».

Knut Åsebø starta med å kortfatta presentere seg sjølv:

Han har mange års erfaring innan HR faget. Han har jobba i store internasjonale selskap som SAS, Hydro, Vard Group og seinast som Chief Human Resources Officer i Farstad Shipping ASA. Knut Åsebø driv no Åsebø Consulting og jobbar i dag som prosjektleiar ved Ålesund Kunnskapspark.

Knut Åsebø seier at området vårt no står over for parallelle teknologiske endringar og ei aldrande arbeidsgruppe. Det eksisterer lite fakta på forskning med tema «Digitalisering og Organisasjon».

Knut Åsebø, saman med HR Norge Nordvest og NTNU med fleire, forskar no på kva unge menneske (aldersgruppe 20-30 år) meiner vert morgondagens digitaliserte arbeidsliv. Eit av hovudfunna kan bli ein realitet som næringslivet må ta omsyn til;

«Unge arbeidstakarar vil bli utfordra og vil jobbe meir prosjektbasert».

Næringslivet må då gjere seg meir attraktive ved å opne opp for varierte arbeidsoppgåver. Dei unge vil ha fleksibilitet i arbeidsoppgåver og fleksibilitet i innhaldet, seier forskinga sin prosjektleiar, Knut Åsebø ved Ålesund kunnskapspark.

Forskinga viser også at kvinner er meir omstillingsvillige enn menn og meir opptatt av å ta til seg ny kunnskap, seier Knut Åsebø.

Dei unge som søker arbeid sjekkar ikkje berre opp detaljar om bedrifta, men og om kva «type» leiarane i bedrifta er. Kva «vyer» dei har framover om dei er å finne på sosiale medium m.m. Spørsmålsrunde.

Presidenten takka for føredraget.

Møtet vart avslutta av presidenten, der han ønskte oss vel heim.

Referat frå Rotarymøte 18. mars 2019.

Einar Warholm (sals-/ marknadssjef) tok imot oss i døra og inviterte oss opp i kantina.

Stian Garnes (dagleg leiar) ønskte oss velkomne og gav ordet til Einar Warholm som presenterte Dimo for oss. Dimo har i dag 28 tilsette, men med komande tilsetjingar vert dei 32 tilsette. Dimo sine lokaler er plassert på djupvasskaia i Hareid hamn. Djupvasskaia er godkjent etter ISPS-regelverket (International Ship and Port Facility Security Code). Kontorlokala er på 500 kvadratmeter, produksjonslokala på 700 kvadratmeter med ei 20t traverskran. Djupvasskaia har ei lengde på 125m.

Historia til Dimo går tilbake til 1997 då Odim Hydraulikk vart oppretta som eit dotterselskap til Odim og seinare (2002) kjøpt opp av ei gruppering av dei tilsette. Odim kjøpte så Dimo tilbake i 2008, med eit vidare sal til Rolls-Royce i 2009. Dimo vart så gjenoppretta i 2010. Eigarstrukturen i dag består av tidlegare tilsette i Odim.


Dimo har god ordresreserve.

Dimo er spesialistar på hydrauliske system (design, engineering og produksjon) og leverer produkt, komponentar og service til marine og offshore bruk.



Dimo er vår lokale distributør for Parker-utstyr.

Hovedmarknaden til Dimo er innan offshore service-fartøy, fiskefartøy, ferger og landbasert industri. Dei leverer mellom anna skreddarsydde HPU'ar (Hydraulic Power Unit) på bestilling.

Dimo sleit med gammel teknologi og kontraktene uteblei. Ein nyutvikla HPU, **ECO Power Unit** som brukar 92% mindre «power» enn tradisjonelle system og utvikla i samband med Parker, har har gitt Dimo fleire nye kontrakter.



DIMO
ECO POWER UNIT

kiwa  

Power consumption reduced with up to 92% compared to a conventional system.

The control system is developed to keep the power consumption and noise at the lowest possible level all the time.

Using DCP (Frequency converter drive) the pump control is optimized and adapted to the consumer requirements, which will keep the pressure, flow and pump running to a minimum during the complete sequence.

Parker
DISTRIBUTOR

Dimo kan og levere høgtrykksvaskerar (design, engineering og produksjon) og har nett levert ein til Equinor.



DIMO
PRODUCTS

- DIMO CLEAN Electric High Pressure Cleaner
- DIMO CLEAN Hydraulic High Pressure Cleaner
- DIMO CLEAN Steam Cleaner

3x28l/min@200bar – 60°C heating
500l tank. EX1-T3

kiwa  

Parker
DISTRIBUTOR

Dimo kan vidare levere hydrauliske og elektriske småvinsjar, hydrauliske slangar, ventilar og kraner. Dette produserer dei ikkje sjølve.

Dimo har serviceavtale med Fjord 1, Sølvtans og Ekornes. Verkstaden for service er plassert i Ulsteinvik, der dei mellom anna utfører vedlikehald på store hydraulikksylindera.

Dimo kan og utføre «flushing» av rør.

Einar Warholm opna for ei spørsmålsrunde etter han var ferdig med presentasjonen.

Vegard Gjerde takka for at dei hadde tatt imot oss og overrekte blomster til Stian Garnes.

Kvelden vart avslutta med omvising i bygget.

Referat frå Rotarymøte 25. mars 2019.

Programfritt.

Vegard Gjerde ønskte vel møtt.

Val av song for kvelden vart «Å leva, det er å elske» av Anders Vassbotn.

Vegard Gjerde informerte om at styret ville samlast etter møtet for å diskutere eventuell ny søknad til prosjektet i Armenia (mor og barn, Kuvøse_Respirator til tidleg fødde).

Karin Svendsen Hostad, Bjørn Teigene og Vegard Gjerde reiser komande veke på kurs i Ålesund.

Vegard Gjerde har mottatt nytt månadsbrev frå Distriktsguvernøren og vil sende det ut til medlemmane.

Karin Svendsen Holstad informerte kort om turen Erna og ho hadde hatt til Ålesund Vest Rotaryklubb, der dei informerte om framdrifta på Mama Clara Prosjektet i Peru, bl.a. ferdigstilling av kjøken og mulig oppstart på oppgradering av sanitæranlegget (dusj/ toalett) og med påfølgjande spørsmål om økonomisk støtte.

Vegard informerte om at prisoverslaget dei hadde mottatt synest noko lavt, og at han hadde tatt kontakt med tidlegare president i samarbeidsklubben vår der nede (som planla oppgraderinga av kjøkenet) for å verifisere denne prisen.

Møtet vart avslutta av presidenten, der han ønskte oss vel heim.